



Endre Valdersnes
Isdalstøbakken 24
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7337 - 22/74597

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
28.09.2022

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 137/765 Alver

Tiltak: Dispensasjon fra krav om regulering og gesimshøyde
Byggjestad: Gbnr: 137/765
Tiltakshavar: Endre Valdersnes
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS

Klage på delegert vedtak i sak 21/7337, datert 25.04.2022, om avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet og krav til gesimshøgde i pbl. §29-4 for oppføring av tomannsbustad - gbnr 137/765 Alver, vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 07.09.2022, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 110/22 Vedtak:

Klagen vert tatt til følgje og vedtak i sak 21/7337, datert 24.04.2022, om avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet og krav til gesimshøgde i ppl. § 29-4 for oppføring av tomannsbustad- Gbnr 137/765 Alver, vert gjort om.

Med heimel i pbl. §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankrav og krav til gesimshøgde for oppføring av tomannsbustad.

Grunngjeving:

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031 er avsett til bustader.

Utgangspunktet for unntak frå krav om reguleringsplan i KDP 2.2.1 er at det er 7 vilkår som må vera oppfylt for at unntaket skal komme til anvending.

Følgjande kriteriar må vera stetta:

1. Tiltaket er i tråd med kommuneplanen sine føresegner og retningslinjer: Vilkåret er stetta, då det i unntak frå krav opnar det opp for inntil to einingar og er såleis i orden i hht bruk og størrelse areal (tomten vil vera 1088m²)

2. Tiltaket fører ikkje til ei vesentleg auke i miljøbelastninga for omjevnadane i form av trafikk, støy og forureining, andre vesentlege negative verknader for nærmiljøet, (bygde og naturgitte omjevnader, kulturminne både på land og i sjø, verdifull vegetasjon, byrom m.m) eller vesentleg negativ verknad for nasjonale og regionale interesser: Vilkåret er stetta, ingen vesentlege påverkader ihht det som er lista opp i dette punktet.

3. Nye tiltak skal ha løysing for vatn og avløp som kommunen godkjenner. Det skal primært vera fellesløysingar for eit område: Vatn og avløp går gjennom tomten i dag, og det er klarert med Alver Kommune/vatn og avløp at dette må leggjast om i forbindelse med godkjenning av byggesak. Vilkåret er såleis stetta

4. For nye tiltak må forholdet til tilkomstveg, avkøyrsløse og byggegrense mot veg vera godkjent av kommunen/aktuell vegmynde jf. Pbl§11-10.nr1: (at mindre utbyggingstiltak ikkje krev ytterlegare plan dersom det er gitt bestemmelsar om utbyggingsvolum og uteareal, og forholdet til transportnett og anna lovverk er ivarettatt) : Aktuell vegmynde er Alver Kommune. Vegen har vesentleg redusert trafikk i forhold til tidlegare status Fylkesvegen er flytta til anna trase, så det er såleis ingen gjennomgangstrafikk. Vilkåret er stetta.

5. Nye tiltak er tilpassa eksisterande bygningar når det gjeld høgde, volum, estetikk og grad av utnytting, jf pbl.§11-10.nr 2(fysisk form av anlegg) : Tiltak i området Isdalstøbakken inneheld mange stilartar, frå tradisjonell til moderne, og takformar frå saltak, valmtak og flate tak. Vilkåret er såleis stetta.

6. Tiltaket er ikkje ein etappe eller del av eit større utbyggingsprosjekt: Tiltaket er ikkje ein del av ei større utbygging (Ein dom frå settefylkesmann i Sogn og Fjordane begrensar tomten som ein del av utbygging i området lenger oppe-ref dispsøknad- området er difor ikkje ein del av ei større utbygging. Dommen er endeleg) Vilkåret er stetta.

7. Kommunen vurderer det ikkje som naudsynt med reguleringsplan for å oppnå eit heilskapleg område eller strøutvikling. Apm meiner dette er eit enkelt areal med plass til ein tomannsbustad mellom den kommunale vegen og eksisterande bustader på oppsida, som føyer seg fint inn i eksisterande bebyggelse. Det er akkurat slike areal kommuneplanens 2.2.1, unntak frå regulering er meint for. Vilkåret er stetta.

Statsforvaltar har i sin merknad påpeika at tomten ligg i Gul støysone.: Vegen var tidlegare fylkesveg med gjennomgangstrafikk med stor trafikkmengde, herunder også tungtrafikk. Vegen er no flytta og det er såleis ingen gjennomgangstrafikk (sjå punkt 4 i opplistinga)
Elles ingen merknader

Det er ikkje kome merknader frå naboar eller andre private interessenter.
Gangveg opp til Kupaleitet som går over tomten, vil verte meir oversiktleg enn i dag.(jf uttalle frå veg-avd: gangvegen blir ivareteke og godt sikra

APM ser på Plan-og bygningslova som ei Ja-lov. Etter gjennomgåelse av regelverket og av vilkåra, meiner APM at ein kan dispensere frå regulering. Forholdsmessig vil det føra til store kostnader for eir tiltakshavar med ein enkelt tomt. Me har etter grundig gjennomgang av saka, kome fram til at alle vilkåra er stetta. APM meiner etter ei samla vurdering at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.”

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet og kravet til maksimal gesimshøgde i pbl. §29-4 for oppføring av tomannsbustad - gbnr 137/765 Alver

Klage på avslag om dispensasjon GBNR 137-765 Alver.docx

Avslått søknad om dispensasjon - gbnr 137/765 Alver

Uttale - søknad dispensasjon - gbnr 137/765 Alver

Uttale - gbnr 137/765 Alver - oppføring av tomannsbustad - dispensasjon

Tilsvar på byggesak Gbnr 137-765 Alver

D-1 Situasjonsplan rev. A

D-4 Plan underlag regplan Kubbleitet

D-5 Plan underlag regplan Kupeleitet

Søknad om dispensasjon fra krav til regulering og gesimshøyde GBNR 137-765 Isdal

D-1 - D-3 situasjonsplan og illustrasjoner

2022-Naboerklæring Kupaleitet sameie

Svar på anmodning av ny vurdering

Anmodning om ny vurdering/ møte med byggesak angående planlagt byggesak på gbnr 137/765 Isdal

Referat frå førehandskonferanse - gbnr 137/765 Alver

Kopi til:

Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ
-----------------	-----------------	------	----------

Mottakarar:

Endre Valdersnes	Isdalstøbakken 24	5916	ISDALSTØ
Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ



Endre Valdersnes
Isdalstøbakken 24
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7337 - 22/85779

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
10.11.2022

Avslutning av klagesak etter trekt klage - gbnr 137/765 Alver

Tiltak: Dispensasjon frå krav om regulering og gesimshøgde
Byggjestad: Gbnr: 137/765
Tiltakshavar: Endre Valdersnes
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS

Kommunen har mottatt dykkar e-post av 09.11.2022. Dere stadfestar at dykkar klage av 09.09.2022 vert trekt. Dette grunna einigheit med utbygger, Majo eigedom AS.

Klagen gjaldt manglande innsendt merknad til nabovarsel frå ansvarleg søkjar for søknad om dispensasjon frå plankravet og kravet til maksimal gesimshøgde i pbl. §29-4 for oppføring av tomannsbustad i sak 21/7337 - gbnr 137/765.

På denne bakgrunn vert klagesaka avslutta utan handsaming.

Det vert frå kommunen si side opplyst at Statsforvaltaren ikkje har påklaga vedtaket om dispensasjon frå plankravet og kravet til maksimal gesimshøgde i pbl. §29-4 for oppføring av tomannsbustad av 07.09.2022. Dette politiske vedtaket frå APM er endeleg vedtak i saka.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Chris Robin Sandvik Soltvedt	Isdalstøbakken 26	5916	ISDALSTØ
Endre Valdersnes	Isdalstøbakken 24	5916	ISDALSTØ
Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ

Mottakarar:

Mottakarar:

Adelheid-Charlotte Wærholm
Chris Robin Sandvik Soltvedt
Endre Valdersnes
Majo Eigedom AS

Isdalstøbakken 26
Isdalstøbakken 26
Isdalstøbakken 24
Lindåsvegen 154

5916 ISDALSTØ
5916 ISDALSTØ
5916 ISDALSTØ
5916 ISDALSTØ